



Sak nr 20/2013

Møtedato: 19.6.13

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: F379

F 379, Buøddin - søknad om inngjerding

Festar søker i brev datert 5.12.12 om å få gjerde inn hytta. Fjellstyret har fått oversendt søknaden fra Statskog til uttale.

Den aktuelle hytta ligg mellom to stølsjorde og det er ca 5 meter frå uthuset til stølsjorde. Det er viktig å ta omsyn til at beitedyr kan passere sjølv om festet blir gjerda inn.


Fjellstyret har i sak 53/00 behandla følgjande reglar for inngjerding.

1. Hytter skal i utgangspunktet ikkje føre opp gjerde.
2. Etter skriftleg søknad kan det gjevast dispensasjon til inngjerding når det ligg føre særleg behov, t.d. mykje beitedyr.
3. Gjerde skal førast opp av trematerialar. Portalar e.l. er ein del av gjerde og skal ikkje tillast.
4. Løyver for inngjerding skal kunne seiast opp med 6 månaders varsel.
5. Ved hytter på stølsjorde skal ein normalt kunne gjerde inn hyttetunet. Hyttefestaren skal også føre opp gjerde dersom stølsbrukaren krev det.
6. For hytter i hyttefelt skal det berre gjevast dispensasjon for mindre inngjerdingar t.d. uteplass/inngangsparti.
7. For hytter utanom stølsjorde og hyttefelt kan det gjevast dispensasjon for inngjerding av inntil 500 m², men det kan i særlege tilfelle gjevast løyve for større areal.
8. Ved festeoverføringar og søknad om byggeløyve skal ein prøve å få eldre inngjerdingar i samsvar med overståande.

Fjellstyret såg på saka saman med Statskog og festar under befaring den 19.6.13.

Vedtak:

Fjellstyret tilrår at det blir gjevne løyve til inngjerding som vist på skisse:



Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 20.6.13

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Festar
Statskog

